

Klauva.

Fyrr i tida var det berre ein handelsmann i Sørreisa. Han budde i Klauva. Alt folk laut dit, så Klauva vart midtpunktet i bygda. Handelsmannen i Klauva var reint ein liten konge. Noko etter 1800-talet budde handelsmann Gjertsen der. Han var den mektigaste av alle. Klauvkongen kalla dei han. Få var det som ikkje hadde namnet sitt i bøkene hans. Gjertsen hadde det med å gjera reint utrulege ting berre for moro skuld. Ein gong sa dei han let drengen flå ein levande sau. Då dei hadde ranga skinnet av han, let dei han springa. Merkeleg var det kor fort skulda auka i bøkene for dei som han trudde seg med. Men eingong vart han godt lura sjølv óg. — I Nordstraumen budde ein mann som heitte Ol' Karsteinsa. Han handla på bok hos Gjertsen, han som så mange andre. Alt det han hadde å venda, var han til handelsmannen med; men skuldig vart han alltid. Ein gong såg han Ol' Karsteinsa at det var skrivi meir i boka enn han hadde fått. Næste gong han var i Klauva, sa han at kontraboka hans var bortkommen. Boka hadde han gøymd i pulten sin, sa han. Men eingong han var ute og for, hadde han pulten med, og så vart han skild med han. Storvéret tok han. — Jau. Gjertsen skreiv ut ny bok og nytta høvet til å auka tala litt både her og der. Kan henda ikkje så reint lite heller. Ol' Karsteinsa såg dette, og nekta plent å betala. Gjertsen stemnde han for forliksrådet, og der møttest begge partar. Ol' Karsteinsa nekta då óg. Då striden var på det hardaste sette han i; «Det er ikkje eg som skal be om forlik; men det er ein annan. For her ser dokker ka som står i den nye boka. og der ser dokker ka som står i den som storvéret tok.» Dermed slengde han begge kontrabøkene på bordet.
Han Ol' Karsteinsa slapp å betala.

Gullringen som kom att

Med' Gjertsen var handelsmann i Klauva, var det annsamt liv der på garden. Mykje folk vanka der, og det såg ut til å vera flust med rikdom. Frua meinte ofte at dei kunde ikkje bli fatige. Ein gong ho for over Solbergfjorden kom ho i trette med skyssen sin. Skyssen meinte at alle menneske kunde bli fatige, sjølv den rikaste. Nei, det trudde ikkje frua. «Ikkje vi for vår part; vi har så vidt mykje mellom hendene no,» meinte ho. Skysse heldt på sitt. «Her skal de sjå,» sa ho, og tok ein ring av fingeren sin. «For oss å bli fatige, er like så umogeleg som å få att denne ringen», og så kasta ho ringen i sjøen. — Med det vart det stillt om samtaleemnet.

Lang tid gjekk, og mangt tok til å endra seg i Klauva. Ein dag kom ein bygdekall til Klauva og spurde om dei skulde kjøpa fersk kokfisk. Jau, det skulde dei; men frua vilde ned på bryggja og sjå om det var lever og rogn i fisken. Kallen tok då kniven og sprette opp ein feit torsk. Lever og rogn valt ut; men med det same trilla det ein blank, liten ting ut or fisken og la seg framfyre føtene hennar. Kallen turka av tingen og såg på han. Ein raud, vakker gullring! Frua kjende han att. Der stod namnebokstavane hennar i han. «Sanneleg er det min!» sa ho og heldt på å uveta. — Ikkje fem år etter denne dag laut Gjertsen og frua flytja bort i frå Klauva, så mykje gjekk det ut med dei. Dei hadde nær kome på bygda; men skyldfolk i Trondheim tok seg av dei og gav dei livsopphaldet.

Kilde: Johan Hveding: "Folketru og Folkeliv på Hålogaland II."
Norsk Folkeminnelag 1944.